



Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth og Guro Høyvik, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 15/11575-54

## **Desentralisert ordning for tilskot til lokale kulturygg 2016 – fullmakt til fordeling av tilskot.**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele tilskotet til lokale kulturygg ut frå følgjande prinsipp og i prioritert rekkefølge:
  - a) Gjenteken søknad.
  - b) Tiltak som reduserer energiforbruket, (ENØK- tiltak)/kulturygg som samlar ulike kulturaktivitetar.
  - c) Tilleggsloyving.
2. Fordelinga vert referert for hovudutvalet i septembermøtet.
3. Søkjrarar som har fått avslag men har ein godkjend søknad, kan fornye sine søknadar i 2017.
4. Søkjrarar med søknadar som ikkje er godkjende, kan rette opp manglane og sende inn søknaden på nytt i neste søknadsrunde.

Vedlegg:

1. Retningsliner for tilskot til kulturygg i Sogn og Fjordane

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Søknadar om tilskot

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Stortinget har ved handsaminga av St.meld. nr. 48 (2002-2003) Kulturpolitikk fram mot 2014 sett i verk ei desentralisert ordning for tilskot til kulturhus og ei ordning om tilskot til regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur, jf. Innst. S. nr. 155 (2003-2004). Ordninga vert finansiert med delar av overskotet frå Norsk Tipping, spelemidlar. Kulturdepartementet administrerer ordninga, og fylkeskommunane forvaltar ordninga. Sogn og Fjordane fylkeskommune har vedteke eigne retningsliner som kjem i tillegg til dei statlege føringane.

I tråd med retningslinene var fristen for kommunane å sende inn søknader 30.04.16. Det har komme inn 18 søknader med ein total søknadssum på i ca. 11 mill. kr. Rammeløyvinga frå Kulturdepartementet er ikkje klar enno, men er lovt i løpet av juni. På bakgrunn av dette ber fylkesdirektøren om at hovudutval for næring og kultur gir fullmakt til fylkesrådmannen til å fordele tilskottet ut frå prinsippa som er lista opp i framlegg til vedtak.

## **2. Årets søker**

I år har det kome inn 18 søker, mot 15 i 2015, 9 i 2014 og 7 i 2013.

Den fylkesvise fordelinga av midlar til denne ordninga, og det samla tilskotet til Sogn og Fjordane, vert klart i regjeringskonferanse i løpet av juni. Melding om eksakt tilskot vert sendt frå Kulturdepartementet i etterkant av dette. Kulturdepartementet har informert om at det i proposisjonen er varsle 63. mill. kroner til desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg i 2016.

Fylkesdirektøren vurderer det slik at Sogn og Fjordane vil få tilnærma same del av totalpotten som i 2015. Avsetjinga av spelemidlane til den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbygg vert delt mellom fylkeskommunane etter slik nøkkel: folketal (60 % av totalbeløpet), areal (5 % av totalbeløpet) og ei lik fordeling til alle fylkeskommunane tilsvarende 35 % av totalbeløpet. Til skilnad frå spelemidlane til idrettsføremål har altså ikkje søkermengda og total godkjend søkeradssum for tiltaka i fylka innverknad på rammeløyvinga. I 2015 fekk Sogn og Fjordane ein del av totalpotten på om lag 3,3%. Legg ein dette til grunn for årets tildeling saman med ein totalpott på 63 mill. kroner anslår fylkesdirektøren at fylket samla vil få om lag 2 mill. kroner til fordeling i 2016. I 2015 var rammeløyvinga på 3,2 mill.

Saman med ein reduksjon frå 2014 til 2015 på 24 % er dette negativt, i og med at søkeralet i Sogn og Fjordane aukar med 50 % i same periode. Dette heng saman med at delen av spelemiddeloverskotet som vert sett av til lokale kulturbygg er redusert. Avsetjinga er halvert på to år. Dette gir fylkesdirektøren grunn til otte for dette fagfeltet og viser til eiga sak der dette vert handsama som uttale til ordninga.

Løyvde, men ikkje utbetalte midlar, står på eigen konto. Rentene frå desse vert lagt til ramma for tildeling. Opptente rentemidlar for 2015 er kr 165 546,42. Etter tildelinga i 2015 stod det att kr 159 909,89 som ikkje vart løyvd. Desse midlane vart gjort tilgjengelege for ev. klagesaker. Det var ingen klagesaker i etterkant av løyvingane i 2015, og midlane vert lagt til ramma for tildeling i 2016. Midlane fylkeskommunen sjølv disponerer til denne ordninga pr. i dag er såleis kr 325 456,31.

Etter at rammeløyvinga frå Kulturdepartementet til fylket er klar, ynskjer fylkesdirektøren å fordele alle midlane vidare til søkerane så raskt det let seg gjere. Søkerane kan då komme vidare med sine prosjekt utan å måtte vente på eit vedtak over sommaren.

## **3. Oversyn over søkerne**

14 av søkerne vert definert som nye. 3 er fornys og 1 søker er gjentatt (Naustdal barne- og ungdomsskule, kulturhusfunksjonar). Den gjentekne søkeren må få vidare løyving i år.

Anl. nr.	Namn	Kommune	Første søker	Komm. prioritet	Godkjend søkeradssum
1401 0091 14	Eikefjord kulturstove	Flora	2016	1 / 2	1 500 000
1401 0089 01	Gamblebua i Stavang	Flora	2015	2 / 2	614 000
1411 0010 01	Breidvik og Bålen grendahus	Gulen	2016		176 000
1413 0036 01	Lifjorden Grendahus	Hyllestad	2016		0
1416 0015 02	Lavikdal grendahus	Høyanger	2016		0
1419 0033 01	Ungdomshuset Leikvang - tilleggsløyving	Leikanger	2015		190 000
1420 0046 01	Sogndal kulturhus, nytt kulturreal	Sogndal	2012*	1 / 2	2 776 000
1420 0046 02	Sogndal kulturhus, vetlesalen	Sogndal	2016	2 / 2	150 000

1428 0049 01	Holmedal bygdehus	Askvoll	2015	/ 2	125 000
1428 0052 01	Askvoll samfunnshus	Askvoll	2016	/ 2	190 000
1433 0002 08	Naustdal barne- og ungdomsskule, kulturhusfunksjonar	Naustdal	2015	1 / 2	1 070 000
1433 0002 09	Naustdal barne- og ungdomsskule – bibliotek	Naustdal	2015	2 / 2	567 000
1438 0085 01	Realen kulturhus	Bremanger	2015	1 / 3	429 000
1438 0088 01	Kulturhuset Heimen	Bremanger	2016	2 / 3	0
1438 0089 01	Strandhall / Ryland Grendahus	Bremanger	2016	3 / 3	0
1445 0029 01	Grendahuset Mardal skule	Gloppen	2016		408 000
1449 0027 01	Loen bygdehus	Stryn	2016	1 / 2	144 000
1449 0072 01	Aldaheim	Stryn	2016	2 / 2	174 000
<b>Totalt</b>					<b>8 513 000</b>

\*Søkte i 2012 men fekk ikkje søknad godkjent. Søkte i 2014, men søknaden vart ikkje sendt vidare frå kommunen til fylkeskommunen for sakshandsaming.

#### **4 Vurdering av søknadane**

Tiltaka i årets søknadar gjeld hovudsakleg rehabilitering og modernisering av eldre bygg/ lokale, tilrettelegging som gjev betre funksjon for brukarane av huset og også nokre ENØK- tiltak.

I tillegg gjeld to av søknadane etablering av nye lokale med kulturbryggfunksjonar (Naustdal). Det er søkt om tilskot til eit kulturbrygg, der fylkesdirektøren har sett søknadssummen i tråd med retningslinjene for eit kulturbrygg med regional funksjon (Sogndal). Elles er det søkt om tilskot til lokale kulturbrygg som er viktige i sitt nærmiljø. I hovudsak er tiltaka er i tråd med dei typane tiltak som den desentraliserte ordninga for kulturbrygg skal dekke.

Med unntak av ein søknad hadde alle nye søknadar større eller mindre manglar då dei vart sende inn. Ny/ytterlegare dokumentasjon er sendt inn av søkjarane og søknadane er vurderte på nytt. Til tross for dette vart det fire søknader som ikkje vart godkjent. Med meir dokumentasjon og utfyllande søknader vil desse truleg kunne godkjennast i 2017. Det er ei utfordring til både søkjar og kommunane om å syte for at søknadane tilfredsstiller krava ved oversending til fylkeskommunen for handsaming.

På same måte som i tidlegare syner årets søknadar at det kan vere eit behov for kompetanseheving blant mogelege søkerar.

Framleis bør Sogn og Fjordane fylkeskommune, som regional utviklar, ha eit mål om å auke kvaliteten på søknadane og med det m.a. redusere arbeidet i tida mellom søknadsfrist og politisk handsaming. Dette kan ein oppnå gjennom kompetansehevande tiltak.

Fylkesdirektøren har eit samarbeid om satsing på kulturbrygg med Sogn og Fjordane ungdomslag si satsing «Huset i bygda» og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Vi ønskjer å legge til rette for at Sogn og Fjordane skal få fleire godkjende kulturbryggsøknader, med mål om på sikt å auke midlane som går til Sogn og Fjordane. «Huset i Bygda» si rolle vert å bidra til å spreie informasjon til eigarar av kulturbrygg i fylket. Fylkeskommunen forvaltar tilskotsordninga og skal også spreie informasjon, hjelpe søkerarar med ulike spørsmål og handsame søknader om spelemidlar, slik som i dag. Sparebankstiftinga tek imot søknader til kulturbrygg og kan gje tilskot til gode prosjekt, som igjen kan verte brukt som eigenkapital i ein søknad om spelemidlar.

#### **Prioritering for tildeling av midlar**

I vurderinga av kva av søknadane som vert tilrådd tilskot vil fylkesdirektøren legge vekt på følgjande kriterium:

- Restløyving til gjentekne søknader frå 2015
- Prioritere tiltak som reduserer energiforbruket (ENØK- tiltak).
- Prioritere kulturbygg som samlar ulike kulturaktivitetar.
- Legge kommunale prioriteringar til grunn og følgje desse tilrådingane.
- Fordel tilskot til flest mogeleg kommunar i fylket.

Det er ikkje grunn til å tru at rammeløyvinga frå Kulturdepartementet vil vere stor nok til at alle godkjende søknadar kan prioriterast for løyving i år, heller ikkje kan ein prioritere alle søknader som er på førsteplass i kommunal prioritering. Søknadane som er godkjende kan fornyast til neste år. Det same gjeld søknadane som ikkje er godkjende, sokjar kan rette opp manglane og sende inn søknaden på nytt i neste søknadsrunde.

Tiltaka det vert søkt om midlar til må vere fullfinansiert, inkl. eit ev. tilskot frå denne ordninga, for at ein søknad skal kunne verte godkjend og tilrådd løyving. Det er mogeleg å gi ein søknad ei delløyving. Sokjer må då sende inn ein gjenteken søknad for den resterande søknadssummen i neste søknadsrunde.

Fylkesdirektøren rår til at ein set av minimum kr 100 000 til ev. klagehandsaming.

## **5. Konklusjon**

Fylkesdirektøren ber hovudutval for næring og kultur om å gi fylkesrådmannen fullmakt til å fordele tilskottet ut frå prinsippa som er lista opp i tilrådinga.

Fylkesdirektøren ynskjer i tråd med gjeldande retningsliner å legge vekt på tildeling av restløyving til søknadar som er gjentekne frå 2015, tilskot til ENØK- tiltak og til kulturbygg som samlar ulike kulturaktivitetar. Fylkesdirektøren vil vidare legge kommunale prioriteringar til grunn og følgje desse tilrådingane, og fordele tilskot til flest mogeleg kommunar i fylket.